



Hogne Brunborg

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/908 - 16/7339

Saksbehandlar:

Eirik Bouwer Utne

eirik.utne@meland.kommune.no

13.04.2016

Informasjonsbrev - Gjennomføring av Meland ungdomsråd si spørjeundersøking om ungdomsklubb

I Utval for levekår sitt møte den 8.3.2016 var leiar og nestleiarar frå Meland ungdomsråd invitert til ein samtale om ungdomsklubb i Meland kommune. Utvalet spurte om ungdomsrådet kunne gjennomføre ei kort spørjeundersøking om temaet på ungdomsskulane i kommunen og presentere resultatata for utvalet.

Leiar og nestleiarane i Meland ungdomsråd utforma eit utkast til spørjeundersøking og la fram saka til handsaming i møte den 7.4.2016, UR-24/2016. Ungdomsrådet gjorde vedtak om å godkjenne utkastet, og valte ein hovudansvarleg for kvar skule til å leie gjennomføringa frå ungdomsrådet si side.

Undersøkinga er meint til å kunne gi eit inntrykk av kva ungdom i kommunen meiner er viktig ved ein eventuell kommunal ungdomsklubb, i samband med det pågåande arbeidet knytt til ei eventuell etablering av eit slikt tilbod.

Undersøkinga er meint til å skulle gjennomførast på papir i skuletida, er på halvanna side og tek kring fem-ti minutt. Undersøkinga er sjølv sagt anonym, og det vert ikkje spurt om anna personleg informasjon enn klassetrinn og skule. Det er Meland Ungdomsråd som sjølv står for undersøkinga, og ikkje minst oppsummeringa og presentasjonen i Utval for levekår.

Med helsing

Eirik Bouwer Utne
kulturkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:

Ungdomsrådet si spørjeundersøking om ungdomsklubb - spørjeskjema

Mottakere:

Frode Lunde

Hilde Brendehaug Hugaas

Meland

ungdomsskule

Hogne Brunborg

Laila Eidsheim

Leif Johnsen

Meland Ungdomsråd ved Silje

Nordal

Øystein Lossius